

NØKKELTALANALYSE

Korleis er inntjeninga i dine husdyr- og planteproduksjonar? Kva må du fokusere på for å ta ut endå høgare dekningsbidrag? Gjennom nøkkeltalanalysen kan du samanlikne dekningsbidrag for dine produksjonar mot snittet og dei beste.

Nøkkeltalanalyse er viktig i arbeidet for å bli endå fagleg dyktigare. Ved investeringar er analysen viktig for å underbygge dekningsbidraget som vert nytta i driftsplan og budsjett.

Kva er ein nøkkeltalanalyse?

Nøkkeltalanalysen viser ut frå ditt rekneskap kva dekningsbidrag som vert oppnådd i dine produksjonar. Dette ut frå fordeling av produksjonsinntekter og variable kostnader mellom dei ulike produksjonane.

I nøkkeltalanalysen vert tala gruppert på same måte for alle Rekneskapslaga i Jæren og Dalane, slik at me får eit stort samanlikningsmateriale til å måle seg mot.

Du får ut tal for siste året, og kan samanlikna med fjoråret, jf. tabell til høgre.

Dekningsbidrag pr ku	Høgast	Middel	Lågast
PRODUKSJONSINTEKTER			
Mjølke	31 327	26 358	22 136
Slakt, livdyrsal	10 968	8 028	5 234
Buskap, beholdn.ending	2 590	1 115	-963
Andre inntekter	1 844	815	0
Produksjonsinntekter i alt :	43 066	36 316	30 435
VARIABLE KOSTNADAR			
Grovforprod./ kjøp grovfôr	4 883	3 055	1 308
Kraftfôr mm	12 232	9 203	6 603
Veterinær, medisin, semin mm	2 021	1 411	734
Innkjøp dyr	3 793	1 381	0
Andre kostnader	1 701	1 068	457
Sum variable kostnader:	22 463	16 118	10 992

Det vert også teke ut økonomiske nøkkeltal om produksjonen, slik som oppnådde prisar, slaktevektar, kvoteoppfyllingsprosent med meir.

Maskinkostnader må ein også halde fokus på for å oppnå høgast mogleg lønsemd. Dette er sjølvstøtt også mogleg å samanlikna i forhold til andre produsentar.

Dekningsbidrag pr. ku	2009	2008
PRODUKSJONSINTEKTER		
Mjølke	29 692	28 879
Slakt, livdyrsal	9 059	10 439
Buskap, beholdn.ending	2 907	856
Andre inntekter	777	420
Produksjonsinntekter i alt	42 434	40 594
VARIABLE KOSTNADAR		
Grovforprod./ kjøp grovfôr	1 598	5 957
Kraftfôr mm	10 593	9 364
Veterinær, medisin, semin mm	1 813	2 047
Innkjøp dyr		
Andre utgifter	1 032	1 134
Sum variable kostnader	15 036	18 502
Dekningsbidrag pr. ku u/tilskot	27 399	22 092
Dekningsbidrag pr. ku m/tilskot	35 856	29 462
Tilskot	8 457	7 370

Du kan samanlikna ditt DB med andre produsentar sitt. Dette gjev input til å sjå kor du kan setje inn fokus for å gjere det endå betre.

Samanlikningstala frå Rekneskapslaga Jæren og Dalane vert normalt klare på hausten, dvs. noko etter at du har fått din analyse. Tala vert gruppert etter høgast, middel og lågast dekningsbidrag. I oversikten er beste 10% og dårlegaste 10% av resultatata teke ut.

MJØLKEPRODUKSJON					
Nøkkeltall	2005	2006	2007	2008	2009
Årskyr			27,0	29,0	29,0
Mjølkekvote				165 772	167 836
Leveranse mjølke pr. årsku			6 224	6 045	6 178
Påsettprosent	157%	145%	125%	129%	135%
Kvotepåfylling				105,8%	106,8%
Db pr liter			3,90	4,49	4,98
Db pr. årsku			24 274	27 146	30 741
Db pr. daa grovfôr				4 374	4 953
Oppnådd mjølkepris			3,84	4,07	4,34
Oppnådd kjøpris			34,96		
Maskinkostnader pr. daa grovfôr				678	681
Maskinkostnader pr. liter			0,74	0,70	0,68
Variabel grovfôrkostnad pr. daa				332	332

Kva nytte har du av nøkkeltalanalysen?

Nøkkeltalanalysen vert på mange måter økonomisk speedometer på produksjon, der du måler korleis det går økonomisk i dine produksjonar, og i forhold til landskapet av andre samanliknbare produsentar rundt deg.

Nøkkeltal produsentar Rekneskapslaga Jæren og Dalane 2009 med mjølkeproduksjon <80% påsett

Nøkkeltal	Høgast	Middel	Lågast
Tal bruk		188	
Årskyr	39.0	24.0	12.2
Leveranse mjølk pr årsku	7 548	6 419	5 521
Påsettprosent	76 %	63 %	47 %
Kvotepåsettingsprosent	111 %	101 %	90 %
Db pr liter	3,87	3,17	2,49
Db pr årsku	26 212	20 198	14 791
Db pr. dekar grovfør	3 826	2 632	1 601
Db m/tilskot pr. dekar grovfør	4 874	3 806	2 766
Oppnådd mj.pris	4,30	4,11	3,88
Oppnådd kjøtt - pris	41,05	36,64	32,13
Maskinkostnader pr da	1 524	945	415
Maskinkostnader pr liter	1,60	1,01	0,45
Variabel grovførkostnad pr. da.	597	344	162

Pr. 100.000 liter kvote vil dekningsbidraget ut frå tabellen bety ein forskjell i inntekt på kr. 138.000 mellom høgast og lågast.

Kva kan dette skuldast?

Tabellen viser at det er forskjell i:

- Påsettprosent
- Kvotepåsettingsprosent
- Oppnådd mjølkepris
- Oppnådd kjøttpris
- Variable grovførkostnader pr. daa

Alle desse faktorane kan du gripe fatt i når du skal diskutere økonomiske målsettingar for produksjonen med dine fagrådsgjevarar innan husdyr- og planteproduksjon:

- Kva skal til for å oppnå høgare mjølkepris eller kjøttpris?
- Korleis må eg legge løpet for at me klarer å fylle kvoten dette året?
- Kvifor har eg så høge grovførkostnader?

Maskinkostnader pr. daa / pr. liter har også stor innverknad på botnlinja. Forskjellen her mellom høgast og lågast er kr. 115.000 pr. 100.000 liter kvote.

Kva er dine maskinkostnader pr. liter, dyr eller daa?

Dette er verdt å sette fokus på, særleg neste gong du må gjere større investeringar i forhold til enkelte arbeidsoperasjonar som krev dyrt utstyr.

Skal du foreta investeringar og vil søke lån og BU-midlar? Då vil bankar og Innovasjon Norge som oftast vite om det dekningsbidraget som har blitt nytta i driftsplanar og budsjett er på nivå med det som vert oppnådd i dag. Nøkkeltalanalyse over fleire år vil difor underbygge din posisjon.

Korleis lagar me nøkkeltalanalysar?

Utgangspunktet er rekneskapet som du uansett får laga kvart år.

Einaste ekstra arbeidet er dersom du har fleire produksjonar, så må me fordele kostnader til maskinar, grovfør, gjødsel, kalk og plantevern mellom produksjonane. Dette vert gjort i samarbeid mellom deg og din rekneskapsfører.

Produksjonar med samanlikningsgrunnlag

For 2009 har 630 kundebruk hjå rekneskapslaga på Jæren og Dalane fått utarbeida nøkkeltalanalysar.

Det finnes analysar for desse produksjonane: korn, potet, mjølkeproduksjon inndelt etter påsett% mindre enn 80%, mellom 80-120%, over 120%, oksar, ammeku, smågris og kombinertproduksjon, gris kombinert produksjon, slaktegris, sau, geit, høner konsumegg, og slaktekylling.

Kostnad til utarbeiding av nøkkeltalanalyse

Nøkkeltalanalyse vert laga på timebetaling. Normalt går det 0,5 - 1 time til dette.

Interessert?

Ta kontakt med din rekneskapsfører for å få finne dine nøkkeltal.

Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no
www.kleppgrl.no
Org.nr. 971 557 397
Bankkonto: 3290.05.90228